

# Årsmelding for 2008

## Fitjar Grunneigarlag

Året 2008 har vore eit normalt arbeidsår for Fitjar Grunneigarlag. Styret har halde 4 styremøte sidan sist årsmøte. Det har vore behandla 12 saker.

### Aktuelle saker i meldingsåret:

#### Jakt:

**Storvilt:** Det vart etter utlysing i pressa selt 6 løyve samla for kr 25.000,- til eit jaktlag med 16 jegrar frå Stord og Fitjar. 4 dyr vart felt.

**Småvilt:** Organiseringa av jakta har vore utført med stor hjelp av Tveit Regnskap. Dette ser ut til å fungera tilfredstillande. Salet av jaktkort har vore 48 stk mot 56 i fjor. Så langt er 21 kort returnert.

**Økonomi:** Økonomien i laget er brukbar. Vi viser til rekneskapen på eigen post.

**Vindkraft:** Styret har arbeida med denne saka i år også. Det har vore korrespondanse med Midt fjellet Vindkraft (MV). FG er stevna av MV med formål å gjennomføra ei oreigningssak ved ein eventuell vindparkutbygging. Ein del medlemmer har kravd individuell representasjon i denne saka og saka er under avklaring i Tingretten. I januar i år fekk MV forhåndstiltredelse i denne saka.

**Jordskifteretten:** Medlemmane i laget har det siste året delteke i ei jordskiftesak teke ut av eit medlem. Formålet med saka har vore å detaljera ut kvein som eig i Sameiga og med kor stor del det enkelte bruk eig. Vidare har Jordskifteretten sagt at dei vil skipa eigarlag med nye vedtekter.

**Gabbro Stone:** Det har vore gjort forsøk på å få kontakt med firmaet. Vi har snakka med styreformannen og sendt brev til firmaet med krav om informasjon.


Eit større område ved Måsavatnet / Kinno vart svidd av Beite og Sankelaget, området vert nytta til beite for småfe.

Vestenfjeldske Fuglehundklubb har hatt fuglehundprøve tidleg på hausten.

Årsmøtet i fjor vedtok å gje gåve på 30.000,- til Fitjar Kyrkjegard. Pengane er utbetalt. Arbeidet skal utførast våren 2009.

Det har ikkje vore nokon annan aktivitet i fjellet som laget har teke del i i meldingsåret.

**Fitjar, 19 februar 2009**



Tore S Fitjar (leiar)


Tor H Vestbøstad (nestleiar)



Nils-Andreas Brekke (Sekr)



Reidar Kloster (økonomi)



Helga Rimmereid (jaktutval)